

## FIOLINIST ÅRETS MUSIKAR

**MUSIKK.** Guro Kleven Hagen (14) frå Fagernes vart søndagkåra til «Årets muskar». Først vann den unge fiolinisten førsteprisen saman med Laurens Weinhold på den nasjonale finalen i Ungdommens Musikkmeisterskap med 115 av dei beste unge muskarane.

Same kveld vart det klart at ho var kåra til «Årets muskar». Ho vann 50.000 kroner og vart også invitert til å spela på Oslo Kammermusikk festival 2009. – Dette var så inspirerende at eg berre vil rett heim og øve, sa den unge fiolinisten til NRK Oppland. ©NPK



## NYE FARVANN FOR GEIR BØRRESEN

**MUSIKK.** Geir Børresen – kjent for Lekestue, Labbetuss og smurfene, har nå noe helt annet på gang. Geir Børresen er nemlig også en ivrig dykker og maler. Han driver med det han selv karakteriserer som undervannsmaling, og resultatet kan du se på Kon-Tiki Museet i

Oslo. Søndag 30. november er det nemlig duket for utstillingsåpning og foredrag av kunstneren selv. Utstillingen «Å male under vann» består av fargesterke malerier som både kan beskues og kjøpes på Kon-Tiki Museet i desember og januar. ©NTB

## Retten til å spele piano

**LAURA DJUPVIK**

KOMMENTAR



[laura.djupvik@nationen.no](mailto:laura.djupvik@nationen.no)

Tidlegare i haust skreiv ei rekkje musikkorganisasjonar under på eit felles skriv til Kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell. Det handla om kulturskolen. Utviklinga har gjort musikkfolket bekymra. Prisane enkelte stader har blitt så høge at mange vil prioritere bort kulturtilbodet til ungane sine.

Alle er for kulturskolen. Kulturskolen får politikarar og ordførar til å hente fram fine ord om at musikk er eit universelt språk og at kultur gjer underverk får læring. Kulturtilbod til barn skal prioriterast. Heilt til det kjem til budsjettet. Og kommunane må velje mellom sjukeheimar og kulturskule. Vi veit korleis det brukar å gå.

Like fullt heiter det i lova at alle kommunar skal kunne gi eit musikk og kulturtilbod til barn og unge. Og i Soria mora-erklæringa skriv dei: «Regjeringa vil at alle barn skal ha et tilbod om plass i kulturskolen til en rimelig pris.»

Musikkorganisasjonane fryktar ei utvikling der fleire barn i praksis vil stå utan kulturskuletilbodet. Fordi foreldra, av ulike grunnar, ikkje kan eller vil prioritere. I Asker kommune har ein innført ei betaling som baserer seg på inntekta til foreldra. La dei rike få betale. Men korleis det vil slå ut – veit ein framleis lite om.

Svenske Rädda Barnen gjorde ei kartlegging av avgiftene i den kommunale musikkskulen i Sverige i 2002. Her konkluderte ein blant anna med at i familier med låg inntekt, men som av ulike grunnar ikkje har rett til sosialbidrag, er risikoen stor for at avgiftene hindrar barn i å delta. Tala viser at medan 40 prosent av barna i akademikarfamiljar var utøvarar av musikk, var berre 25 prosent av barna i arbeidarfamiljar det same.

Det er god grunn til at musikkorganisasjonane ropar eit varsku. Det er gode grunnar til å bremse ei utvikling som aukar eit kulturelt klasse-skilje. Kulturskuletilbodet burde vere gratis og tilgjengeleg for alle barn som måtte ynskje det.

Vi tenker fort at det er barna som vil tape. Dei barna som har foreldra som ser seg nøyde til å prioritere annleis, når avgiftene i kulturskolen stig samtidig som renta på banklånet. Men det er ikkje heile sanninga. Også kulturen vil tape. Ein kultur som ikkje evnar å ta opp i seg barn frå alle typar familjar, vil sjølv bere preg av dette – på sikt.

Laura Djupvik er journalist i Nationen.



ALLE MED: Her feirer Tolga kulturskule 20-årsjubileum med framsyninga: «Hvor i, hvor i verda vil vi bo?» Ei hylning til Tolga, der alle elevane deltok.

### KULTURSKULE

# Kulturskule som tre

Det skal ein landsby til for å oppdra eit barn, seier eit afrikansk ordtak. Slik tenker dei også ved Tolga kulturskule.

Ein kan nærmast høyre Berit Konstad Graftås smile i telefonen. Ho er fagleg leiari i Tolga kulturskule og har lenge snakka om samarbeid. Om kultur som trekkplaster og kulturskolen som kommunens ressurscenter.

Ho synest ho kan ta i slik. I fjor vart Tolga kulturskule utpeika til demonstrasjonsskule av Kunnskapsdepartementet. Graftås reiser land og strand rundt for å fortelje historia om Tolga kulturskule.

– Kva fortel du då?  
– Då fortel eg forteljinga om eit heilheitleg oppvekstmiljø.  
– Og kva går den forteljinga ut på?

– Det handlar om at kulturskolen er ein del av heilskapen i eit godt oppvekstmiljø. Det er ikkje berre eit fritidstilbod. Kulturskolen er viktig for opplæringa, det å utvikle heile menneske. Det betyr også at vi samarbeider tett opp mot grunnskolen, barnehagen og

**Men vi får aldri låge nok avgifter, for egentleg skulle tilbodet ha vore gratis. Men slik er ikkje samfunnet.**

Berit Konstad Graftås, fagleg leiari ved Tolga Kulturskole

det frivillige kulturlivet, seier Graftås og legg til:

– Eit afrikansk ordtak seier at: «Det skal ein landsby til for å oppdra eit barn» Vi har lånt dette og gjort det til vårt. Det handlar ikkje berre om elevane, foreldra eller grunnskolen, men at vi er mange som går saman og set barna i sentrum.

**Pris**

I mange kommunar går prisane for elevbetaling opp, i tråd med innsparing og nedskjering. I Tolga kroner kostar ein elevplass 1000 kroner i halvåret. Graftås meiner det ikkje er så verst:

– Men vi får aldri lav nok avgifter, for egentleg skulle det ha

## STAVANGER SYNGES UT

**KOR.** Kormusikk skal markere avslutningen for Stavangers år som kulturhovedstad. Det går mot slutten for det europeiske kulturhovedstadsåret Stavanger2008. Og 5. og 6. desember markeres dette med kormusikk. I to dager til ende vil nemlig drøyt

700 korsangere fylle Stavangerregionen med musikk. Det blir sang fra hustak, bygninger, gater, handlesentre, museer, barer og kafeer, i kirker og på busser og tog, melder arrangørene. Fredag blir det blant annet korkonsert med kongeparet til stede. ©NTB



## RASER MOT GISKE

**RADIO.** Tirsdag avgjorde Kulturdepartementet at 20 konsesjoner for lokalradio over hele landet må lyses ut på nytt. Det betyr utsatt start for flere nye konsesjonærer. Avgjørelsen betyr store problemer for de nye konsesjonærene. I Oslo skulle Radio Metro ha overtatt Ra-

dio 1s frekvens fra nyttår, men må utsette oppstarten i beste fall med seks måneder, i verste fall risikerer de å miste konsesjonen. – Det er virkelig grunnlag for å stille en del spørsmål til departementets behandling av denne saken, sier Svein Larsen. ©NTB



### TOLGA KULTURSKULE

- Kommunen har i alt 240 elever i grunnskulealder.
- Søker samarbeid på tvers av faggrenser. Kulturskolen og grunnskolen har felles verksemdsleiar, merkantil teneste, utstyrspark og lokale.
- Tilbyr undervisning i treblås, messing, vokal, fiolin, piano, orgel, slagverk, gitar, bass, teater, judo og «Musikk fra livets begynnelse»
- Prosjektbasert undervisning i dans, animasjon, skapande skrivning, biletkunst.
- Tre elever har mottatt Drømmestipend og deltatt i Godt Musikkår, Norsk Kulturskoleråds TV-satsing 1. nyttårsdag
- Kommunen brukar det gode oppvekstmiljøet, med kulturskolen i sentrum, for å lokke fleire innbyggjarar til kommunen.
- I samarbeid med grunnskulane i kommunen tilbyr kulturskolen også Alternativ læringsarena, eit tilbod som er tilpassa elevar med særskilte utfordringar.
- Innhaldet varierer, men meistring, sosialisering og glede står alltid i sentrum.
- I samarbeid med kulturskolen, idrettslaget og andre legg SFO-pedagogane til rette for leik og utfolding på barna sine premiss.

### DEMONSTRASJONS-KULTURSKULE

- Utdanningsdirektoratet har utpekt Tolga kulturskule som demonstrasjonskulturskule i perioden 2007-2009
- I grunngevinga frå juryen heitte det blant anna:
- Kulturskolen i Tolga er gjennom kreativitet og samarbeid ein drivkraft i ein liten kommune der 85 prosent av grunnskulens elevar deltar i tilbodet til kulturskolen.
- Kulturskolen framhever seg blant anna med ein modell for organisering med grunnskolen i Tolga. Organiseringa har styrkt det faglege samarbeidet mellom grunnskule og kulturskule, her gjennom fleksibilitet i forhold til tidspunkt for undervisning og samarbeid om pedagogar.
- Skolen har eit nær samarbeid med barnehagen med fokus på sang.
- Skolen kan vise til god breidde i tilbodet.
- Tolga har tatt i mot mange flyktningar, og kulturskolens tilbod er viktig i kommunens integreringsarbeid.
- Kulturskolen har utvikla eit interkommunalt samarbeid med nabokommunar for å gi vidarekomne elevar ekstra utfordringar og styrke elevane sitt faglege og sosiale nettverk.

Ordførar Erling Aas Eng på gitar og fagleg leiar Berit Konstad Graftås framme på biletet.

FOTO: INGRID EIDE

# kkplaster og ressurs

vore gratis. Men slik er ikkje samfunnet. Det har ikkje Tolga kommune råd til heller. Eg vil forsvare kommunepolitikarane som gjer ein fantastisk jobb.

Graftås trekker fram søskenmoderasjonen som avgjerande: Går to søsken i kulturskolen, får den eine 25 prosent rabatt. Blir fleire søsken med, går desse for halv pris.

– Her er mange barnerike familier, og for mange ville det ha vore vanskeleg å sende barna til kulturskolen til full pris.

#### Framtid

I 2005 deltok tilsette ved Tolga kulturskule ved pilotprosjektet «Kulturskulefokus», arran-

gert av Norsk Kulturskuleråd. Det resulterte blant anna i «En framtidfortelling om Tolga Kulturskole». Her beskriv dei tilsette kva for ein kulturskolen dei ønsker å ha skapt ved utgangen av 2008. Her heiter det blant anna at: «Nesten alle menneskene i kommunen ble på en eller annan måte interessert i og opptatt av skolens aktiviteter og folk kom faktisk flyttende til kommune fra landets store byer på grunn av de tilbudene kommune kunne gi.»

– No er vi ved slutten av 2008. Kor mange har flytta hit på grunn av kulturskolen?

– Du høyrer det at det ligg i botnen av alt dette at vi treng

fleire folk i Tolga. Vi er ein utflyttingskommune, vi jobbar aktivt med dette. Resultata begynner å komme. Det kjem folk hit frå Nederland, Tyskland, og vi har mange flyktningar her også. Både rådmann og ordførar brukar oppvekstmiljøet som det viktigaste i fjor, to var med i korpset til 17. mai! Det hjelper oss at kommunen har ein kulturarbeider frå Somalia. Vi har mange elevar med fleirkulturell bakgrunn.

Respekt  
– Du har stadig framheva samarbeidet som kulturskolen har både med grunnskolen og det frivillige kulturlivet. Kva kjenneteiknar samarbeidet?

– Nøkkelen er gjensidig re-

spekt for kvarandre. Vi er alle til for barna. Så handlar det om organisering. Dei fleste barna bur langt unna skulen, så dei får eit betre tilbod når dei får tilbodet frå kulturskolen i skuletida. Det gjer det mogleg for fleire å delta i kulturskolen.

Graftås seier ordninga er ideell for mindre kommunar der det er stor avstand mellom bustad og skule.

– Gjennom kulturskolen får elevane vist fram andre sider, at dei meistrar noko til dei andre elevane, seier Berit Konstad Graftås.

Laura Djupvik  
Laura.djupvik@nationen.no